



INVITASJON TIL «JUBILEUMSTUR» 2021

I 2021 er «Gutta på Tur», Bremnes 20 år og det må sjølvsagt feirast på høveleg vis - og det skal me.

I vedtektene § 9 står det å lesa; «*Det skal arrangerast minst ei festsamkome og ein felles tur i året*».

Styret har vedteke å slår saman «festsamkome» og «felles tur» og inviterer med dette til ein «Jubileumstur» med ledsager til Rosendal og Rosendal Fjordhotell frå torsdag 2. sept. til fredag 3. sept. 2021.

Sidan prisen for leige av bussar med sjåfør i 2 døgn vert ganske høg, har styret vedteke at me fyller opp privatbilar og deler reisekostnaden på antal passasjerer i kvar bil og betaler andelen til sjåfør/bileigar. For å sikre oss at det er nok bilar som kan kjøyre tur/retur Rosendal, må alle vera disponibel som sjåfør med bil for turen.

Avreise frå Svortland skule	kl. 09.00 (presis)
Avreise frå Skjærsholmane med ferge til Ranavik	kl. 09.55

Frå Ranavik kjøyrer med til Rosendal Hotell og parkerer der. Om me er heldige, får me rom når me kjem fram til hotellet, om ikkje må me vente til etter lunsj.

Lunsj er fastsett til kl. 13.00 i matsalen på hotellet.

Etter lunsj, ca. Kl. 14.45 går me til Folgefonnsenteret og får omvisning med guide i Skaalurensamlinga og ein tur ombord i galeasen Gurine om den ligg ved kai. Til sist får me omvisning/guiding med kaffi i Steinparken og i Dinosaurhuset.

Etter omvisninga er det ingen planlagd program og kvar og ein kan gjere som ein vil.

Om kvelden vert det «Jubileumsmiddag» på hotellet kl. 19.30 i eige lokale.

Me møter kl. 19.00 til ein liten aperitiff. Under middagen vert det kanskje underhaldning frå eigne krefter. Ellers vil leiar oppmode alle til å ha med seg godt humør og at alle bidreg til at det vert ein hyggjeleg og minnerik kveld for oss alle.

Fint om alle skifter frå turklær til finklær under middagen.

Styret har ikkje laga program for fredag etter frukost, så kvar og ein kan gjere som ein sjølv vil, besøkje Baroniet sin hage og/eller dra til Galleri Guddal eller reise heim om ein ynskjer det.



Gutta på tur Bremnes

Pris for opphaldet i enkeltrom er kr. 2600,- og i dobbeltrom er kr. 2200- pr. person. Prisen inkluderer 2 rettars lunsj med kaffi, aperitiff, 3 rettars middag med kaffi og overnatting med frukost. I tillegg dekker prisen guida omvisning i Folgefonnsenteret. Drikkevarer under måltida og ellers betaler den enkelte for sjølv.

Påmelding med fult namn, også for ledsager innan 01. juni til leiar Robert, e-post: roberthalleraker@me.com eller melding på mobil 412 11 275.

Betalingfrist for turen har samme dato som for påmeldinga, **01. juni til laget sin konto. 3520.60.76583**. Hugs å notere på kven som betaler då dette lettar arbeidet til kasserar Sigurd.

Viktig:

Om du trekk deg frå turen etter **20. juni** må du betale for romprisen ved Rosendal Fjordhotell.

Styret ynskjer velkommen til «Jubileumsturen» !

Stavlandsneset, 23. mars 2021

Med helsing

Styret for «Gutta på Tur»

Robert

Leiar